Inntekter	- 94 956 419			
Løn	7 904 230			
<b>Merkantil</b>	<b>2 934 290</b>		6	
Andre kostnader	- 32 300			
Inntekter	- 12 000			
Lønn	2 978 590			
<b>Bygg</b>	<b>18 397 495</b>	295	25	62 364
Andre kostnader	669 700			
Inntekter	-			
Løn	17 727 795			
<b>Dekk</b>	<b>12 343 684</b>	81	15	152 391
Andre kostnader	1 519 000			
Inntekter	- 50 000			
Løn	10 874 684			
<b>Elektro</b>	<b>19 129 300</b>	342	25	55 934
Andre kostnader	1 486 000			
Inntekter	- 100 000			
Løn	17 743 300			
<b>Helse</b>	<b>5 090 990</b>	58	6	87 776
Andre kostnader	618 500			
Inntekter	- 70 000			
Løn	4 542 490			
<b>Hjeltnes</b>	<b>1 826 420</b>	26	7	70 247
Andre kostnader	750 330			
Inntekter	-			
Løn	1 076 090			
<b>Maskin</b>	<b>15 449 584</b>	157	21	98 405
Andre kostnader	1 273 000			
Inntekter	- 50 000			
Løn	14 226 584			
<b>Mesterbrev</b>	<b>109 359</b>			
Andre kostnader	-			
Løn	109 359			
<b>Petroleum</b>	<b>13 391 678</b>	67	17	199 876
Andre kostnader	1 445 500			
Inntekter	- 150 000			
Løn	12 096 178			
(tom)				
(tom)				
<b>Totalsum</b>	<b>10 181 450</b>	<b>1026</b>	<b>128</b>	





Arkivnr: 2015/11453-178  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Styret for Fagskolen i Hordaland	12/19	22.03.2019

### Status på måloppnåing - Strategiplan 2018 - 2023

#### Samandrag

Fagskolen har levert ei statusoppdatering i høve til oppfølging av måla som er utarbeidde i samband med strategiplanen for fagskolen (2018 - 2023). Fagskolen må levere tiltaksplan for vidare arbeid, og eventuelt justering av måla, til styremøtet 10. mai 2019.

#### Forslag til vedtak

Styret tek saka om måloppnåing til orientering.

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 27.02.2019**

Fagskolen har levert ei statusoppdatering i høve til oppfølging av måla som er utarbeidde i samband med strategiplanen for fagskolen (2018 - 2023). Fagskolen må levere tiltaksplan for vidare arbeid, og eventuelt justering av måla, til styremøtet 10. mai 2019.

**Mål – Fagskolen som regional utviklingsaktør 2018 – 2023****Attraktiv og nyskapande****Organisasjon og administrasjon****Mål**

**Fagskolen i Hordaland skal vere ein attraktiv og høg-kompetent arbeidsplass som er rusta til vidare vekst og utvikling som utdanningsinstitusjon.**

Fagskolen i Hordaland har gjennom ein lengre omstillingsperiode med samanslåingar over fleire år vakse til å bli ein av landets største fagskular. Parallelt har det føregått ein sentralt styrt prosess med å løfta fagskulenivået til sin rettmessige plass i utdanningssystemet, og fagskuleutdanning vert no definert som høgare yrkesfagleg utdanning. Dei store endringane som har gått føre seg dei siste åra set nye og høge krav til drift av skuleslaget, og ein fagskule skil seg meir og meir frå ein vidaregåande skule, både administrativt og i høve til undervisningsform.

Vidare vekst og utvikling i fagskolen stiller krav til ressursar til utvikling av nye studieplanar, revidering av eksisterande utdanningar, samt prosjektutvikling for å knyte til seg ressursar som til dømes utviklingsmidlar til fagskulesektoren. Desse prosessane er ressurskrevjande både i høve til økonomi og personale. For at fagskolen skal kunne fortsette å vekse og utvikle seg er det naudsynt at ein tek omsyn til dette skuleslaget når det gjeld vurdering av administrativ kapasitet og rekruttering av undervisningspersonell.

**Status pr. 25.02.19:**

Fagskolen i Hordaland har sett i verk følgjande tiltak

- Brukargrupper for programmering av ny campus for Fagskolen i Hordaland
  - o Brukargruppene har fokus på fagskuleutdanningane sine behov (studentar, tilsette, utdanningane sin eigenart og bygningsmassen)
- Aktiv rekruttering av nye lærarar i faste stillingar
- Auka bemanning i fagstab og planlagt auka bemanning i administrasjon
- Auka marknadsføring
- Delta i utviklingsprosjekt

**Undervisning og undervisningsmodeller****Mål**

**Fagskolen i Hordaland skal vere ein attraktiv utdanningsinstitusjon for studentar og arbeidsliv lokalt, regionalt og nasjonalt.**

Fagskolen sin hovudaktivitet er undervisning for studentar med yrkesfagleg bakgrunn. Fagskolen har starta pedagogiske utviklingsprosjekt innan e-pedagogikk og bruk av digitalt undervisningsutstyr, og skal fortsette å arbeide med dette i tida framover. Fagskolen skal vere framtidsretta og ha høg kvalitet i utdanninga med tilfredse studentar og arbeidsliv. Dette stiller krav til at pedagogisk utviklingsarbeid går føre seg kontinuerleg. Utvikling og utprøving av nye undervisningsformer er sentralt både for pedagogisk utvikling og arbeidslivstilpassing. Skulen må samtidig som det vert arbeidd med pedagogisk utvikling, arbeide med å

leggje til rette for at fleire kan kombinere skule og jobb for å imøtekomme lokalt, regionalt og nasjonalt kompetansebehov.

Vidare er det viktig med sterke samarbeidsrelasjonar med høgskular for å fortsette arbeidet med gode overgangsordningar for fagskulestudentar. Studentar og arbeidsliv bør i liten grad møte hinder i utdanningssystemet i høve til kompetanseutvikling. Tett samarbeid med høgskule- og universitetssektoren kan også bidra til å løfta eigen institusjon.

#### Status pr. 25.02.19:

- Deltar i utviklingsprosjekt
- Søker om midlar for å auke aktiviteten innan pedagogisk utviklingsarbeid
- Reviderer studieplanar. Studieplanar skal tilpassast til heiltidsstudia og nettstøtta studia
- Det vert starta eit prosjekt saman med Høgskulen på Vestlandet (HVL) for å utgreie moglegheiter for samarbeid. I prosjektet deltar også Fagskulen i Sogn og Fjordane.

### **Nye utdanningar**

#### **Mål**

**Fagskulen skal utvikle nye framtidretta utdanningar etter arbeidslivet sitt behov, og på den måten vere ein regional utviklingsaktør.**

Fagskulen søkte 1. november 2018 om fagområdeakkreditering innan områda Bygg og anleggsteknikk og Elektro. Ei fagområdeakkreditering gir fagskulen moglegheit til å utvikle nye utdanningar, eller gjere vesentlege endringar innan det aktuelle fagområdet utan å søkje akkreditering hjå NOKUT. Ei fagområdeakkreditering vil såleis gje fagskolen eit større handlingsrom for å utvikla nye utdanningar, og på nye måtar enn før. Fagskulen har flest utdanningar med eit omfang på 120 studiepoeng (stp), og nokre utdanningar på 60 stp. Gjennom den fleksibiliteten ei fagområdeakkreditering gir kan fagskulen vurdere ei rekkje nye utdanningar med ulikt omfang og på ulikt nivå.

Endringane i fagskulelova, og pågåande prosessar for å endre lovverk for å skape enda større fleksibilitet i utdanningane, opnar opp for nye måtar å utvikle utdanningar på. Døme på dette er at ei fagskuleutdanning no kan byggje på ei anna fagskuleutdanning, medan det tidlegare var slik at all fagskuleutdanning skulle byggje på vidaregåande utdanning.

På bakgrunn av dei nemnde endringane og ei framtidig fagområdeakkreditering kan fagskulen treffe endå fleire næringar enn tidlegare med riktige kompetansehevande tiltak. Fagområde, næringar og sektorar som fagskulen vil arbeide spesielt mot dei neste åra er:

- Fornybar energi og det grønne skiftet
- Helsefag
- Havrommet
- Digitalisering

I tillegg til utdanningar innan nye næringar og utdanning innan digitalisering er det viktig å arbeide med å implementere digitalisering meir i eksisterande utdanningar. Fleire og fleire næringar utviklar digitaliserte og automatiserte arbeidsprosessar, og framtidens fagskulekandidatar må ha god digital kompetanse. Fagskulen som regional utviklingsaktør er i tråd med Hordaland fylkeskommune sin Regional plan for kompetanse og arbeidskraft, og den komande kompetansereforma «Lære heile livet» vil skape enda større etterspurnad etter fagskuleutdanning.

#### Status pr. 25.02.19:

- Starta eit prosjekt for modulbasert fagskuleutdanning innan:
  - o Tekniske utdanningar (i samarbeid med Stord-klynge)
  - o Helsefagutdanningar (i samarbeid med Bergen kommune)
- Vidareføring av e-læringsprosjektet, med auka fokus på det pedagogiske

- Det vert søkt om prosjektmidlar frå Diku (frist 15. mars) for digitalisering av læringsmateriell for utdanningane:
  - o CNC og robotteknologi
  - o Klassisk bygningsvern og restaurering

### **Nettverk og viktige fora**

#### **Mål**

**Fagskolen skal aktivt delta i nettverk og viktige fora for å vere ein sentral aktør knytt til både fagleg og institusjonell utvikling av sektoren.**

Fagskolen i Hordaland er representert i Rådet for offentlige fagskoler (RFF), Nasjonalt utvalg for teknisk fagskole (NUTF) og Nasjonalt fagskoleråd (NFR). Rektor ved Fagskolen i Hordaland deltar også i Ekspertutvalget for etter- og vidareutdanning. Fagskolen i Hordaland er ein av dei største fagskulane i landet og kan gjennom deltaking i slike nettverk, råd og fora vere ein viktig aktør i det vidare utviklingsarbeidet av sektoren som skuleslag og nye kompetanseområde.

Deltaking og samarbeid i næringsklynger er også viktig og gjer det mogleg for pedagogisk personell og studentar, på ein kosteffektiv måte, å knyte nettverk med dynamiske innovasjonsmiljø og få tilgang på ny teknologi. Fagskolen i Hordaland har som mål at klyngesamarbeid skal vere ein viktig del av skulen sitt pedagogiske utviklingsarbeid og utvikling av studieplanar.

#### **Status pr. 25.02.19:**

Fagskolen i Hordaland deltar i fleire fora, referansegrupper og utval. Oversikt over desse:

Nasjonale prosjekt/utval

- Ekspertutvalet for etter- og vidareutdanning (Kompetanse Norge): utvalet skal greie ut fleire moglegheiter innan EVU og styrke fagskuleutdanninga si rolle i nye tilbød.
- Referansegruppe for Samordna Opptak (Unit): gruppa er med og utviklar ein ny portal for en nasjonalt samordna opptak saman med institusjonar i UH-sektor.
- Referansegruppe for studiebarometeret for fagskoler (NOKUT): i 2018 ble det utvikla ei nasjonal spørjeundersøking for alle fagskulestudentar.
- Arbeidsgruppe for overgangsordningar mellom fagskule og høgskule/universitet. Skulen er representert i ei gruppe for overgang mellom tekniske utdanningar / ingeniørhøgskule og ei gruppe for overgang mellom maritime utdanningar og maritim ingeniørhøgskule.
- Referansegruppe for nytt administrativt system Visma in School
- Referansegruppe for Vitnemålsportalen

Prosjekt med samarbeidspartnarar:

- RIGHT (Interregprosjekt)
- Utviklingsprosjekt for modulbasert fagskuleutdanning innan helse- og tekniske utdanningar
- Vestlandskonferansen
- Fiskerisimulator ved studiestad Austevoll

Skulen er representert i klyngesamarbeid på Vestlandet saman med GCE Subsea, NCE Maritime Cleantech, NCE Seafood, Gode Sirklar, FKINØK (Framtidas kunnskapsklynge i nye Øygarden kommune), kor målsettinga er tverrfagleg samarbeid mellom det private næringsliv, det offentlege og utdanningsinstitusjonar.

### **Etter- og vidareutdanning**

#### **Mål**

**Fagskolen skal vere ein attraktiv leverandør av etter- og vidareutdanning i landet.**



Etter- og vidareutdanning (EVU) er etterspurt i regionen, og fagskulen har eit stort og uforløynt potensial i å tilby eit stort spekter av slike tilbod. Fagskolen må utvikle organisasjonen og etablere ein profesjonell modell for EVU.

Vidareutvikling av etter- og vidareutdanning i regionen er også i tråd med fylkeskommunen sin regionale plan for kompetanse og arbeidskraft. Arbeidslivet har ulike kompetansebehov både i høve til formal og ikkje-formal utdanning. Fagskulen har også moglegheit til å kunne markere seg nasjonalt med EVU, spesielt med bakgrunn i skulen si digitale satsing. Eit større EVU-tilbod ved Fagskolen i Hordaland vil også bidra til større fagmiljø og kompetanseutveksling med arbeidsliv og andre utdanningsinstitusjonar, som igjen bidrar til vidare fagleg utvikling av skulen. For å utvikle eit større EVU-tilbod må fagskulen allokere ressursar til slik aktivitet og sette tydelege mål for inntening til å dekkje både vidare utvikling av tenesta, i tillegg til å bidra til investeringar og vedlikehald av utstyr.

Status pr. 25.02.19:

Fagskolen i Hordaland deltar både nasjonalt, regionalt og lokalt i etter- og vidareutdanning på fagskulenivå.

Nasjonalt:	EVU utvalget. Legger fram en NOU juni -19
Regionalt:	Kompetanseforum Hordaland. Opptatt som medlem
Lokalt:	Bransjeklynger og lokale bedrifter.



Arkivnr: 2015/11453-180  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Styret for Fagskolen i Hordaland	13/19	22.03.2019

### Investeringsplan 2019 - 2023

#### Samandrag

Fagskolen har utarbeidd ein langsiktig investerings- og finansieringsplan i tråd med strategi og behov for investeringar ved dei ulike utdanningstilboda. Investeringsplanen viser behova skulen har, samt prioriteringa for investeringane. Det totale behovet for 2019 – 2023 bereknar seg til kr. 23 mill., med eit årleg investeringsbehov på kr 4,6 mill.

#### Forslag til vedtak

Investerings- og finansieringsplan for Fagskolen i Hordaland 2019 – 2023 vert teken til orientering.

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 22.02.2019**

Fagskulen har utarbeidd ein langsiktig investeringsplan i tråd med strategi og behov for investeringar ved dei ulike utdanningstilboda. Investeringsplanen viser behova skulen har, samt prioriteringa for investeringane. Det totale behovet frå 2019 – 2023 bereknar seg til kr. 23 mill., med eit årleg investeringsbehov på kr 4,6 mill. Planen vil verte nytta når fagskulen til dømes søker om utviklingsmidlar hjå Diku eller investeringsmidlar frå Hordaland fylkeskommune.

Fagskulen har også utarbeidd ein finansieringsplan som syner korleis investeringsbehovet er tenkt finansiert. Investerings- og finansieringsplan følgjer på dei neste sidene.



Utdanning	Omtale	Sum	2019	2020	2021	2022	2023
<b>Bygg</b>	Lydmålarar	200.000	200.000				
	Betonglaboratorie Skulen har ikkje betong-lab i dag	1.000.000				1.000.000	
<b>Klassisk bygningsvern og restaurering</b>	Spesiallaga verktøy Oppstart haust 2019	800.000	800.000				
<b>KEM</b>	Oppgradering av KEM-laboratorie	200.000			200.000		
<b>CNC og robotteknologi</b>	Industri 4.0 laboratorieutstyr Robot – CNC benk Oppstart 2. klasse haust 2019	3.000.000	1.500.000	1.500.000			
<b>Maskinteknikk</b>	Materialprøvebenk Sambruk med prosessutdanninga	1.000.000			1.000.000		
<b>Elkraft</b>	Laboratorieutstyr til demo av: Brenselceller, solceller, batteriteknologi («grøn energi») Ny søknad til NOKUT, spesialisering innan elektro 60 stp.	3.000.000				1.500.000	1.500.000
<b>Automatisering</b>	Cyber – Physical system Sambruk med CNC og robotteknologi	2.000.000				400.000	1.600.000
	Digitalt laboratorie Brukast til nettundervisning mellom samlingar	250.000	500.000				
<b>Prosess</b>	Kjemi- og prosesslaboratorie Dagens lab tilfredsstillar ikkje krava til eit laboratorie	1.500.000					1.500.000
<b>Boring</b>	Oppgradering av boresimulator Nye projektorar i simulatorrommet	500.000	500.000				
<b>Havbunnsinstallasjonar</b>							
<b>Maskinoffiser</b>	Laboratiemodell for Batteriferje- maskineri Ny teknologi for maskiner på ferjer	900.000			900.000		
<b>Dekksoffiser</b>	«Brief» rom – studiestad Austevoll	200.000	200.000				

	-instruktørstasjon 2 stk. 86 tommars skjermer						
	Skipsmodell for servicefartøy – studiestad Austevoll Knytt opp mot ny utdanning innan havbruksteknologi	1.100.000			1.100.000		
	Oppgradering til K-Sim lastesimulator – studiestad Bergen	800.000		800.000			
	Simuleringsutstyr for Azipod propell- og rorsystem – studiestad Bergen	400.000		400.000			
	Oppgradering av eksisterende navigasjonsbruer for utvida visualisering frå 120 til 180 grader – studiestad Bergen	800.000	400.000	400.000			
<b>Havromsteknologi – «Grøne skiftet»</b>	Laborariemodellar Vindmølleteknologi, Havbruk Ny utdanning – Søknad til NOKUT	1.600.000		500.000	400.000	700.000	
<b>Lokal matkultur</b>	Fortsatt oppbygging av ny utdanning Inventar og utstyr Oppstart 2. klasse nett haust 2019 Første kull ferdig vår 2021	500.000	500.000				
<b>Nye utdanningar</b>	Framtidas behov	3.000.000		1.000.000	1.000.000	1.000.000	
<b>Investeringsbehov totalt</b>		<b>23.000.000</b>	<b>4.600.000</b>	<b>4.600.000</b>	<b>4.600.000</b>	<b>4.600.000</b>	<b>4.600.000</b>

## Finansieringsplan for planlagte investeringar ved Fagskolen i Hordaland.

	Årleg løyving	SUM		2019	2020	2021	2022	2023
Investeringsmidlar frå styret for Fagskolen i Hordaland (HFK)	1.000.000	5.000.000		1.000.000	1.000.000	1.000.000	1.000.000	1.000.000
KD – løyvingar for auka kvalitet i fagskuleutdanninga	2.000.000	10.000.000		2.000.000	2.000.000	2.000.000	2.000.000	2.000.000
Fagskolen i Hordaland EVU – verksemd	1.000.000	5.000.000		1.000.000	1.000.000	1.000.000	1.000.000	1.000.000
Hordaland fylkeskommune (Vestland) Regionale utviklingsmidlar	600.000	3.000.000		600.000	600.000	600.000	600.000	600.000
	<b>4.600.000</b>	<b>23.000.000</b>		<b>4.600.000</b>	<b>4.600.000</b>	<b>4.600.000</b>	<b>4.600.000</b>	<b>4.600.000</b>

Regulering for prisvekst er ikkje tatt med.



Arkivnr: 2015/11453-181  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Styret for Fagskolen i Hordaland	14/19	22.03.2019

## Årsmelding 2018 - Fagskolen i Hordaland

### Samandrag

I denne saka vert Fagskolen i Hordaland si årsmelding for 2018 lagt fram for handsaming av styret. Årsmeldinga syner dei viktigaste aktivitetane gjennom året, ei oppsummering av funna i kvalitetsmeldinga, samt årsrekneskap for 2018. Vidare vert det tilrådd at styret sendar årsmeldinga for 2018 til fylkestinget som skuleeigar.

### Forslag til vedtak

Årsmelding for 2018 vert teke til orientering og sendt til skuleeigar som melding.

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Årsmelding 2018 - Fagskolen i Hordaland

**Fylkesrådmannen, 28.02.2019**

I denne saka vert Fagskolen i Hordaland si årsmelding for 2018 lagt fram for handsaming av styret. Årsmeldinga syner dei viktigaste aktivitetane gjennom året, ei oppsummering av funna i kvalitetsmeldinga, samt årsrekneskap for 2018.

2018 har vore eit år med fleire viktige hendingar for fagskolen. Mellom anna vart Hordaland helsefagskole slått saman med Fagskolen i Hordaland; det vart starta opp to heilt nye utdanningar og ny fagskulelov tredde i kraft sumaren 2018. Årsmeldinga for 2018 ligg som vedlegg til saka.

Det vert til slutt tilrådd at styret sendar årsmeldinga for 2018 til fylkestinget som skuleeigar.





2018

# Årsmelding for Fagskolen i Hordaland

## **OM RAPPORTEN**

Styret for Fagskolen i Hordaland  
Dato: 22.03.2019

# INNHALD

<b>ÅRSMELDING FOR FAGSKOLEN I HORDALAND 2018 .....</b>	<b>4</b>
<b>1. Styret for Fagskolen i Hordaland .....</b>	<b>4</b>
1.1 Medlemar i styret .....	4
1.2 Møteaktivitet og saker som styret har handsama .....	4
<b>2. Aktivitet ved Fagskolen i Hordaland 2018 .....</b>	<b>5</b>
2.1 Éin fagskole i Hordaland.....	5
2.2 Utdanningstilbod og studenttal i 2018 .....	5
2.3 Ny lov om høgare yrkesfagleg utdanning .....	5
2.4 Nye utdanningstilbod ved Fagskolen i Hordaland .....	5
2.5 Kvalitetsmidlar .....	5
2.5.1 Auka kvalitet i utdanninga med digital satsing .....	5
2.5.2 Elkraftsimulator .....	6
2.5.3 BIM – bygningsinformasjonsmodellering .....	6
2.6 Deltaking i nasjonale prosjekt og nettverk .....	6
<b>3. Kvalitet og måloppnåing .....</b>	<b>6</b>
3.1 Studentevaluering ved Fagskolen i Hordaland 2017/2018 .....	7
3.2 Oppsummering av studentevalueringane .....	12
3.3 Mål og tiltaksplan for skuleåret 2018/19 .....	13
<b>4. Årsrekneskap for Fagskolen i Hordaland 2018.....</b>	<b>14</b>

# Årsmelding for Fagskolen i Hordaland 2018

## 1. STYRET FOR FAGSKOLEN I HORDALAND

Styret er det øvste styringsorganet for Fagskolen i Hordaland og har sju medlemar. I juni 2018 vart det vedteke ei ny fagskulelov som set krav til at det skal vere arbeidslivesrepresentantar i fagskulestyret. På bakgrunn av dette vart det fastsett nye vedtekter og oppnemnt eit nytt styre av fylkestinget 02.10.2018. Fem av dei sju styremedlemene blir valde av fylkestinget etter kvart fylkestingsval, og av desse er det 3 eigarrepresentantar og 2 representantar frå lokalt arbeidsliv. I styret sit også ein tilsettrepresentant og ein studentrepresentant valt av studentar og tilsette. Styret er mellom anna ansvarleg for utdanningstilboda, drift og dimensjonering av fagskuletilbodet jf. fagskulelova.

### 1.1 Medlemar i styret

Til 02.10.2018:

Roald Kvamme, leiar  
Alexander Fosse Andersen, nestleiar  
Aslaug Hellesøy  
John Helge Gullaksen  
Rosalind Fosse  
Trude Amundsen, tilsettrepresentant  
Thomas Rimmereide, studentrepresentant

Etter 02.10.2018:

Roald Kvamme, leiar  
Sara Hamre Sekkingstad, nestleiar  
John Helge Gullaksen  
Anne Mette Koch  
Trond Sanne Haga  
Trude Amundsen, tilsettrepresentant  
Thomas Rimmereide, studentrepresentant

Faste varamedlemar:

Aslaug Hellesøy  
Alexander Fosse Andersen  
Rosalind Fosse

### 1.2 Møteaktivitet og saker som styret har handsama

I 2018 vart det gjennomført 5 ordinære møte og eit styreseminar for det nye styret.

Styret for Fagskolen i Hordaland har ei rekkje faste saker som vert handsama kvart år, til dømes budsjett, rekneskap, tilbodsstruktur, fagskulen si kvalitetsmelding og mål og tiltaksplan.

**Andre viktige saker som vart handsama i 2018 er mellom anna:**

- Løyve til å søkje NOKUT om nytt studie i klassisk bygningshandverk
- Dimensjonering av fagskuletilbodet i framtida
- Strategi for fagskulen
- Søknad om fagområdeakkreditering innan bygg og elektro

## **2. AKTIVITET VED FAGSKOLEN I HORDALAND 2018**

Det har vore høg aktivitet ved Fagskolen i Hordaland i 2018 med til dømes ei ny fagskolelov som mellom anna førar til fleire rettar for studentar; godkjenning av eit nytt studietilbod og søknad om akkreditering for to fagområde. Vidare vert dei viktigaste hendingane for fagskulen i 2018 omtalt.

### **2.1 Éin fagskole i Hordaland**

Samanslåinga av Hordaland Helsefagskole og Fagskolen i Hordaland til éin fagskole blei administrativt gjennomført 1. januar 2018, og 1. juli vart dei tilsette også overført frå Fusa vidaregåande skule. For fyrste gong fekk alle avgangsstudentar ved Fagskolen i Hordaland utdelt vitnemål ved studiestad Nordnes i juni 2018.

### **2.2 Utdanningstilbod og studenttal i 2018**

Hausten 2018 var det til saman 1168 studentar ved Fagskolen i Hordaland fordelt på 17 ulike utdanningstilbod. Av dei 1168 studentane studerte 670 studentar ved nettbaserte utdanningar med vekesamlingar, resterande studentar studerte ved stabbaserte utdanningar.

Våren 2018 var det 355 studentar som bestod ei utdanning ved Fagskolen i Hordaland. Dette er lågare enn året før der til saman 345 studentar bestod ei utdanning ved Fagskolen i Hordaland og 30 studentar bestod ei utdanning ved Hordaland helsefagskole. Om lag 15 studentar bestod utdanninga hausten 2018 ved kontinuasjonseksamen.

### **2.3 Ny lov om høgare yrkesfagleg utdanning**

Den nye fagskulelova blei kunngjort 08.06.2018. Gjennom denne lova har fagskuleutdanninga fått status som høgare yrkesfagleg utdanning som ligg på nivå over vidaregåande opplæring. Dei viktigaste endringane i lova er studiepoeng, lovfesta rett til representasjon i styret og fødselspermisjon.

### **2.4 Nye utdanningstilbod ved Fagskolen i Hordaland**

Fagskolen i Hordaland starta to nye utdanningstilbod hausten 2018: CNC og robotteknologi vert starta som heiltidsstudium ved studiestad Nygård, medan Lokal matkultur vert starta ved studiestad Hjeltnes i Ulvik som eit nettstøtta studium.

Fagskolen i Hordaland søkte NOKUT om ei ny utdanning i mars 2018. Utdanninga heiter Klassisk bygningshåndverk og restaurering og er retta mot tømrarar som ønskjer spisskompetanse innan tradisjonelle bygningsteknikkar. Utdanninga er utvikla i samarbeid med Stiftelsen Bryggen, Hardanger Fartøyvernssenter i Norheimsund og Fylkeskonservatoren i Hordaland. Fagskulen fekk allereie i november 2018 tilsegn om godkjenning av NOKUT med atterhald om tilsetting av kvalifisert personell.

### **2.5 Kvalitetsmidlar**

Kunnskapsdepartementet (KD) ga i 2017 for fyrste gong utviklingsmidlar til fagskuleutdanning som skal bidra til å styrke fagskulane. Fagskolen i Hordaland, saman med Hordaland fylkeskommune, søkte om midlar til to prosjekt, og Kunnskapsdepartementet løyvde støtte til begge prosjekta på til saman 7,8 millionar.

I 2018 kom det nye utviklingsmidlar til fagskuleutdanning. Fagskolen i Hordaland søkte igjen om midlar til to prosjekt, og Kunnskapsdepartementet løyvde støtte til begge prosjekta på til saman 3,122 millionar. Fagskulen har i 2018 arbeidd vidare med prosjekta som fekk midlar i 2017. Vidare vert prosjekta for 2017 og 2018 omtalt.

#### **2.5.1 Auka kvalitet i utdanninga med digital satsing**

Skulen fekk om lag 4 mill. kroner i støtte frå Kunnskapsdepartementet til prosjektet for auka kvalitet i undervisninga med digital satsing i 2017. Skulen har investert i utstyr til digitale klasserom. Gjennom prosjektet «Eg e-lærer», har dei tilsette gjennomført kurs i dei ulike digitale verktøya. Kursane førte fram til eit sertifiseringsbevis «Nettlærer, nivå 1: digitale verktøy».

I 2018 vart det søkt om midlar til vidareføring av prosjektet gjennom «Del 2» av digital satsing. KD løyvde 3 mill. kroner for skoleåret 2018/19 som skal brukast til vidare sertifisering av dei tilsette.

Del 1 av prosjektet fokuserte på utstyr og botnnivå, medan del 2 fokuserer på pedagogisk bruk av digitale verktøy i undervisninga. Alle dei tilsette skal sertifiserast på nivå 1 og 2 i prosjektet, dette gjeld også for nye tilsette.

### *2.5.2 Elkraftsimulator*

Kunnskapsdepartementet løyvde i 2017 midlar til innkjøp av ein ny stor elkraftssimulator til Fagskolen i Hordaland. I 2018 har dei tilsette fått opplæring og simulatoren er teken i bruk i undervisninga.

### *2.5.3 BIM – bygningsinformasjonsmodellering*

Kunnskapsdepartementet har løyvd pengar til eit nytt prosjekt i 2018. Det var totalt løyvd 122.000 kroner til utvikling av nytt emne innan byggutdanninga BIM. Emnet er etterspurt av næringslivet og studentane, og midlane skal nyttast til å vidareutvikle studieplanen.

## **2.6 Deltaking i nasjonale prosjekt og nettverk**

Skulen er representert i nasjonale prosjekt i regi av Kunnskapsdepartementet:

- Ekspertutvalget for etter- og videreutdanning – Kompetanse Norge
- Nasjonalt samordna opptak for fagskoler – Unit
- Studiebarometeret for fagskoler – NOKUT
- Overgangsordningar mellom fagskule- og ingeniørutdanningar - UHR-MNT (gjeld både tekniske og maritime utdanningar)

Skulen er representert i klyngesamarbeid på Vestlandet saman med GCE Subsea, NCE Maritime Cleantech, NCE Seafood, Gode Sirklar og FKINØK (Framtidas kunnskapsklynge i nye Øygarden kommune), kor målsettinga er tverrfagleg samarbeid mellom det private næringsliv, det offentlege og utdanningsinstitusjonar.

I april 2018 arrangerte Fagskolen i Hordaland Vestlandskonferansen i samarbeid med Fagskolen i Ålesund og Fagskolen i Sogn og Fjordane. Konferansen var retta mot lærarane ved dei tekniske utdanningane.

## **3. KVALITET OG MÅLOPPNÅING**

Styret for Fagskolen i Hordaland er ansvarleg for studentane sitt læringsmiljø og kvaliteten i utdanningane og får årleg lagt fram kvalitetsmelding frå fagskolen. Vidare vert det vist korleis studentane evaluerer studieplanane, infrastruktur, samarbeid med næringa og det totale læringsmiljøet. Kvalitetsmeldinga som vert lagt fram for styret i september/oktober kvart år dannar grunnlag for styret si vidare oppfølging ved skulebesøk. Etter skulebesøka vedtek styret ein mål- og tiltaksplan for det komande skuleåret.

### 3.1 Studentevaluering ved Fagskolen i Hordaland 2017/2018

#### Forklaring til tabellane:


Skulen si vurdering av dei kritiske verdiane ved studentundersøkinga for dei ulike utdanningane.

Kritiske verdier for måloppnåing		
<b>Under 4,0</b> Ikkje tilfredstillande måloppnåing	<b>Mellom 4,0 og 4,4</b> Tilfredstillande måloppnåing	<b>4,5 og betre</b> God måloppnåing


Svara er gitt på ein skala frå 1 til 6, med 1 som dårlegast og 6 som best måloppnåing. Kritisk verdi (kvalitetsnorm) for undersøkinga er sett til 4,0 og skulen har som mål at alle svara skal ha snittskår på 4,5 eller betre.




#### Svarprosent

Skulen har som mål at minst 75% av studentane og lærarane fullfører heile undersøkinga. Blant studentane var det berre 51% som fullførte heile undersøkinga. Skulen er ikkje nøgd med dette resultatet, og har starta arbeidet med å gå gjennom rutineane for gjennomføring av studentundersøkinga.





Kor mange timer i veka arbeider du med studiet utover ordinær skoletid?









### Heiltidsstudentar og nettstudentar – samanlikningar:

HELTID/NETT	Heltid	Nett	Total
Korleis vurderer du som student din eigen innsats i utdanninga?	4,5	4,2	4,3
Kor godt kjenner du studieplanen for utdanninga?	3,9	3,9	3,9
I kva grad er opplæringa du har fått i samsvar med studieplanen for utdanninga?	3,9	4,0	4,0
- Tilrettelegging for bruk av IKT på skolen?	3,9	4,0	3,9
- Lokaliteteane på skolen? (Døme: klasserom, grupperom, bibliotek, kantine, skolen si plassering mm.)	3,9	3,9	3,9
- Undervisningsutstyret på skolen?	3,9	4,2	4,0
Samarbeid med næringslivet?	3,5	3,4	3,4
Kor nøgd eller misnøgd er du med det totale læringsmiljøet på skolen?	4,0	4,2	4,1
I kva grad bidrar du til eit positivt læringsmiljø?	4,5	4,3	4,4

### Leinga sin kommentar til samanlikninga mellom heiltid og nett:

Det er svært få skilnader i studentundersøkinga når vi samanliknar svara frå heiltidsstudentar og nettstudentar. Dette er heilt i tråd med resultatane frå i fjor.

## Leiinga si vurdering av kritiske verdiar for alle utdanningane:

PROJECT TYPE - UTDANNING TEXT	Anlegg	Arborist	Automatisering	Boring	Bygg	Dekks offiser	Elkraft	Havbunnsinnstallasjoner	KEM
Korleis vurderer du som student din eigen innsats i utdanninga?	4,2	3,5	4,3	4,5	4,5	4,1	4,5	4,2	4,2
Kor godt kjenner du studieplanen for utdanninga?	3,7	3,5	4,0	3,4	3,8	3,6	4,1	3,7	3,8
I kva grad er opplæringa du har fått i samsvar med studieplanen for utdanninga?	4,0	4,5	4,2	3,0	4,1	3,9	4,1	3,3	3,9
- Tilrettelegging for bruk av IKT på skolen?	3,3	4,5	4,3	3,1	4,2	3,6	3,9	3,2	3,9
- Lokalitetane på skolen? (Døme: klasserom, grupperom, bibliotek, kantine, skolen si plassering mm.)	3,6	4,5	4,1	3,6	3,9	4,0	3,8	4,0	3,5
- Undervisningsutstyret på skolen?	3,9	4,0	4,0	3,6	4,1	4,1	3,9	4,0	4,2
Samarbeid med næringslivet?	3,0	4,0	3,4	2,8	3,6	3,2	3,7	3,2	3,7
Kor nøgd eller misnøgd er du med det totale læringsmiljøet på skolen?	4,1	4,5	4,2	3,2	4,4	3,7	4,1	3,2	4,1
I kva grad bidrar du til eit positivt læringsmiljø?	4,3	4,0	4,4	4,0	4,3	4,3	4,5	4,6	4,3

PROJECT TYPE - UTDANNING TEXT	Maskin	Maskin offiser	Mester utdanning	Prosess	Psykisk helsearbeid og rusarbeid	Rehabilitering	Spesialreinhald og sterilforsyning	Total
Korleis vurderer du som student din eigen innsats i utdanninga?	4,2	4,3	4,2	4,4	5,0	4,5	4,6	4,3
Kor godt kjenner du studieplanen for utdanninga?	3,8	3,8	3,0	3,9	5,0	4,0	4,8	3,9
I kva grad er opplæringa du har fått i samsvar med studieplanen for utdanninga?	3,9	4,1	3,7	3,7	4,4	3,8	4,5	4,0
- Tilrettelegging for bruk av IKT på skolen?	3,9	3,9	3,9	3,8	4,8	3,8	4,7	3,9
- Lokalitetane på skolen? (Døme: klasserom, grupperom, bibliotek, kantine, skolen si plassering mm.)	3,8	3,9	4,0	4,0	5,0	3,7	4,7	3,9
- Undervisningsutstyret på skolen?	4,0	4,1	3,8	4,2	4,4	3,2	4,8	4,0
Samarbeid med næringslivet?	3,4	3,6	3,3	3,1	4,2	2,2	3,7	3,4
Kor nøgd eller misnøgd er du med det totale læringsmiljøet på skolen?	4,1	4,0	4,3	3,9	4,5	3,7	4,6	4,1
I kva grad bidrar du til eit positivt læringsmiljø?	4,5	4,4	4,5	4,3	4,9	4,8	4,9	4,4

Utdanningane innan helsefag og arborist har gjennomgåande betre resultat enn dei andre utdanningane.

Samarbeid med næringslivet skårar framleis lågt. Det har også i år vore eit stort fokus på dette, både med informasjon til studentane om kva samarbeid skulen har, og auka kontakt med offentlege og private samarbeidspartnarar. Skulen vil halde fram med dette arbeidet.

Tilrettelegging for bruk av IKT, lokalitetane og studentane sin kjennskap til studieplanen skårar framleis lågt og det er inga endring frå i fjor.

Skulen er i ferd med å gjennomføre eit stor prosjekt med mål om å auke kvaliteten i utdanningane. Resultata frå dette prosjektet syner ikkje igjen i studentundersøkinga.

Studentane på studiestad Nygård og Nordnes har fleire gongar i dette skuleåret meldt frå om dårleg inneklime. Saka er meldt til HFK eigeidom.

### 3.2 Oppsummering av studentevalueringane

Fagskolen i Hordaland vart frå 1. januar 2018 slått saman med Hordaland helsefagskole. Styret sitt vedtak om ein fagskule i Hordaland er nå nådd.

Fagskolen i Hordaland er framleis noko prega av dei mange omstillingane alle tilsette har vore gjennom. Skulen vil halde fram med arbeidet for at Fagskolen i Hordaland skal verta meir samansveisa.

NOKUT har revidert to utdanningar ved Fagskolen i Hordaland, elkraft og bygg. NOKUT hadde merknader til begge utdanningane, og fagskolen har retta opp alle punkta som NOKUT peika på. Fagskoleutdanningane elkraft og bygg er nå godkjende etter revisjon.

Alle nettutdanningane ved Fagskolen i Hordaland har hatt tilsyn frå NOKUT. Også her hadde NOKUT nokre merknader. Fagskolen har retta opp alle punkta som NOKUT peika på, og alle nettutdanningane er godkjende.

På spørsmålet om studentane er tilfreds med det totale læringsmiljøet er snittskåren 4,1. Dette er over kvalitetsnormen på 4,0, men kvalitetsmålet på 4,5 er framleis ikkje nådd. Sett i lys av dei omstillingane skulen har vore igjennom, er leiinga nøgd med resultatet, men vil sjølv sagt halde fram med arbeidet for å betre resultatata.

På spørsmål om kjennskap til studieplanen er snittskåren betra frå 3,8 til 3,9. Resultata er under kvalitetsnormen, og skulen held fram med forbetningsarbeidet også her.

Leiinga er dette skuleåret ikkje nøgd med svarprosent og tilbakemeldingar i studentundersøkinga. Studentane sin svarprosent på 51% er det lågaste skulen har hatt, og skulen vil endra rutineane for korleis undersøkinga skal gjennomførast.

Skulen har fullført del 1 av e-læringsprosjektet og vil halde fram med del 2 av dette prosjektet.

Skulen har også fullført prosjektet med å bygge eit nytt elkraftlaboratorium. Skulen har fått løyvingar frå både Kunnskapsdepartementet og Hordaland fylkeskommune til begge desse prosjekta.

Boresimulatoren har i dette skuleåret blitt oppgradert til dei nyaste standardane.

### 3.3 Mål og tiltaksplan for skoleåret 2018/19

#### **Mål**

Fagskolen i Hordaland skal arbeide aktivt og systematisk for å:

1. Redusere fråfallet mellom fyrste og andre semester.
2. Utvikle eit positivt og godt læringsmiljø og oppnå ein gjennomsnittsskåre som ikkje er lågare enn 4,5 med ein skala frå 1 til 6 i høve til studentane og lærarane sin tilfredsheit med det totale læringsmiljøet.
3. Informera og arbeide med studentane om kva læringsutbytte dei skal oppnå i løpet av studia, og oppnå ein gjennomsnittsskåre som ikkje er lågare enn 4,5 på spørsmål om studentane sin kjennskap til emneplanen (studieplanen).
4. Auka kjennskapet til fagskuleutdanningane.
5. Betre kvalitet og yrkesrelevansen i utdanningane i takt med endringar i arbeidslivet.

#### **Tiltak for å nå mål 1:**

- Tilby ekstraundervisning i realfaga, og gje studentane eit innføringskurs/studieteknikk-kurs gjennom e-læringskurs før skulestart.

#### **Tiltak for å nå mål 2:**

- Gjennomføring av tiltak for å forbetre lokala på Nordnes og Nedre Nygård i høve til ventilasjon og vedlikehald.
- Sosiale tiltak for alle klassar ved skulestart.
- Klassekoordinator skal gjennomføre klassemøte for undervegsevaluering av læringsmiljø og klassemiljø.
- Gjennomføre del 2 av e-pedagogisk kompetansehevingsprosjekt.

#### **Tiltak for å nå mål 3:**

- Sikre at studieplan og emneplan er eit gjentakande tema i undervisninga.
- Studentane skal involverast meir i studieplanarbeid.

#### **Tiltak for å nå mål 4:**

- Fortsette marknadsføring av fagskolen.
- Auka kontakt med arbeidslivet.
- Meir hospitering blant lærarane.

#### **Tiltak for å nå mål 5:**

- Gjennomføre del 2 av e-pedagogisk kompetansehevingsprosjekt.
- Forbetre og få på plass fleire samarbeidsavtalar.
- Meir hospitering blant lærarane.
- Tilbakemeldingar frå studentane og tidlegare studentar om yrkesrelevans.
- Auka bruk av LAB og simulatorar ved å timeplanfeste aktiviteten, samt lage meir lab- og simulatoroppgåver.
- Timeplanfeste ekskursjonar o.l.
- Gjennomføre kompetansekartlegging av alle tilsette

#### **Andre tiltak for å følgje opp kvalitetsbrest ved utdanningane**

- Følgje opp rutineane for å gjennomføre studentevalueringa – auke svarprosent
- 100 % svarprosent frå lærarane er forventa i lærarevalueringa, dette må takast opp i fellesmøte o.l., samt under medarbeidarsamtalene.
- Vurdere spørsmåla i studentevalueringa i høve til skåre på tilfredsheit med samarbeid med arbeidslivet
- Arbeide med å vise til LUB i undervisninga.
- Inneklima skal følgjast opp av styret og skulen, og det skal takast vidare til skuleeigar
- Innan helsefagutdanningane skal det arbeidast vidare med betre tilgang til praksisplassar og profilering av tilboda gjennom meir dialog med kommunane og helseføretak.

## 4. ÅRSREKNESKAP FOR FAGSKOLEN I HORDALAND 2018

### Totalresultat 2018

Org.Stad	Kontogruppe		Rekneskap	Budsjett inkl. endring	Avvik
			<b>8 174 855</b>	<b>14 592 358</b>	<b>6 417 503</b>
<b>691</b>			8 174 855	14 592 358	6 417 503
<b>691</b>	01	Lønn	84 513 531	76 051 000	-8 462 531
<b>691</b>	02	Andre kostnader	21 820 472	22 231 747	411 275
<b>691</b>	03	Inntekter	-98 159 149	-83 690 389	14 468 760

### Av totalresultat skal følgjande avsetast til bundne fond (KD-midlar):

Org.Stad	Prosjekt		Regnskap	Budsjett inkl. endring	Avvik
			-2 377	0	2 377
			398		398
<b>691</b>			-2 377	0	2 377
			398		398
<b>691</b>	63061	FIH, Kompetanse BIM	-72 943	0	72 943
<b>691</b>	63062	FIH, Kvalitet i utdanningen ved hjelp av digitalisering	-2 304	0	2 304
			454		454

**Totalresultat fratrukket avsetningar** **4 040 105**

Underskot 2017 - 2 014 505

**Totalresultat etter inndekking av tidlegare års underskot** **2 025 600**

### Hovudforklaring på mindreforbruk:

- ❖ Pengeløyvingar overført desember 2018 – restmidlar sentralt (905 000)
- ❖ Meirinntekter på kurs (utan at lønskostnadane har auka tilsvarende)

### Differanse kontogruppe:

Org.Stad	Kontogruppe		Rekneskap	Budsjett inkl. endring	Avvik
			<b>8 174 855</b>	<b>14 592 358</b>	<b>6 417 503</b>
<b>691</b>			8 174 855	14 592 358	6 417 503
<b>691</b>	01	Lønn	84 513 531	76 051 000	-8 462 531
<b>691</b>	02	Andre kostnader	21 820 472	22 231 747	411 275
<b>691</b>	03	Inntekter	-98 159 149	-83 690 389	14 468 760

Meirutgifter på løn skuldast:


- ❖ Helse, CNC og Lokal matkultur som starta i august var ikkje budsjettert

14 mill. i meirinntekter kan forklarast på følgjande måte:

- ❖ 5,9 mill. i høgare refusjon frå staten (helse og prosjektmidlar)
- ❖ 1 mill. i høgare inntekter på kursverksemd
- ❖ 2,9 mill. i kompensert mva der motpost ligg i andre kostnader
- ❖ 1,1 mill. i sjukerefusjonar
- ❖ 1,3 mill. i ikkje budsjettert inntekt frå Sunnhordland IKS
- ❖ 1,5 mill. i ikkje budsjetterte oppdrag (Markom 2020)

Oversikt over refusjon frå staten i 2018 – meirinntekt på 5,9 mill. der 3.1 mill. skal settast av på bundne fond:

Prosjekt	Bilagstekst	År	Periode	Beløp
	Tilskudd fagskule 2018-oppr.	2018	7	-41 000 000,00
	Ref. bilag 30638/1	2018	3	-41 000 000,00
<b>63062</b>	Tilskudd18: komp.vha.digital	2018	10	-3 000 000,00
<b>63061</b>	tilskudd18: kompetanse BIM	2018	10	-122 000,00
	Tilskudd helsefag vår+høst 2018	2018	10	-2 794 500,00
	Tilfeldig oppdrag	2018	4	-3 400,00
	Tilfeldig oppdrag	2018	6	-4 681,00



**FAGSKOLEN I HORDALAND**  
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Haugeveien 28  
Postboks 1876 Nordnes  
5817 Bergen  
Telefon: 55 33 78 00  
E-post: [post.fih@hfk.no](mailto:post.fih@hfk.no)  
[www.hfk.no/fagskole](http://www.hfk.no/fagskole)

Fagskolen i Hordaland er ein regional utviklingsaktør og er den største offentlege fagskolen i landet med om lag 1200 studentar og 120 tilsette. Skolen har eit stort utval av utdanningar med tilbod innan helsefag, maritime, tekniske, petroleumstekniske og grønne fag. Fagskolen har hovudadministrasjon på Nordnes, og studiestader på Nygård, Austevoll, Voss, Hjeltnes og Stord.